



Innhold

Barnehagen sitt samfunnsmandat	2
1. BARNEHAGEÅRET 2025/2026	2
1.1 Felles tema barnehageåret 2025-2028	2
1.2 Vedtekter knytt til ferie	2
1.3 Planleggingsdagar	2
1.4 Vedteker knytt til opningstid	2
2. BARNEHAGELOVA.....	3
2.1 Styrande dokument	3
2.2 Psykososialt barnehagemiljø	3
2.3 Rutine for tilrettelegging	3
3. FORELDRE/FØRESETTE	4
3.1 Visma	4
3.2 Foreldreråd og samarbeidsutval	4
3.3 Forseint henting av barn i barnehagen	4
4. RAMMEPLAN	5
4.1 Lærande organisasjon	5
4.2 Barnehagen sitt verdigrunnlag skal byggje på	5
4.3 Dei 7 fagområda i rammeplan, korleis kjem desse til syn i barnehagane	6
5. TVERRFAGLEGE SAMARBEIDSPARTNARAR	7
6. MAT OG HELSE.....	7
6.1 Måltid og kosthald	7
6.2 Hygiene, sjukdom, medisinering og skade	8
6.3 Forskrift om helse og miljø i barnehagar, skular og skulefritidsordningar	8
7. DIGITAL KOMPETANSE	9
7.1 IKT plan barnehage 2023-2027 kommunal plan	9
8. TRAFIKKSIKKER BARNEHAGE	9
8.1 Kriteria for ein trafikksikker barnehage er:	9
8.2 Trafikkopplæring i barnehagen	9
8.3 Parkering	9
8.4 Levering/henting	9
9. MILJØFYRTÅRN	10
10. FN SINE BÆREKRAFTSMÅL	10
10.1 Barnehagane i Høyanger sitt viktigaste bærekraftsmål	10



Barnehagen sitt samfunnsmandat

«*I samarbeid og forståing med heimen, å vareta barna sitt behov for omsorg og leik og fremje læring og danning som grunnlag for ei allsidig utvikling. Leik, omsorg, læring og danning skal sjåast i samanheng*» (Rammeplan 2017)

1. BARNEHAGEÅRET 2025/2026

Høyanger kommune har seks kommunale barnehagar: Bjordal-, Lavik-, Kyrkjebø-, Hjetland-Olderdalen barnehage og Vadheim oppvekstsenter.

Høyanger kommune er eigar, og skal:

- fastsette vedtekter
- gjere opptak til ledige plassar
- føre tilsyn med barnehagane.

1.1 Felles tema barnehageåret 2025-2028

Trygt og godt barnehage – og skulemiljø

1.2 Vedtekter knytt til ferie

Vedtekten for barnehagane i Høyanger seier at alle barn skal ha 4 veker ferie i løpet av barnehageåret. Ei veke vert brukt i samband med kurs- og planleggingsdagar fordelt på heile året jmfr. barnehageruta. Barna skal ha 3 samanhengande ferie veker i skulen sin sommarferie (medio juni til medio august).

Bjordal, Lavik og Vadheim barnehage har sommar stengt minimum tre veker.

Barna sin ferie skal meldast til barnehagen seinast 1.mai i ferieåret.

1.3 Planleggingsdagar

Kvart barnehageår er det fem planleggingsdagar. På planleggingsdagane er barnehagen STENGT. For barnehageåret 2025/2026 er dette:

Torsdag 14.august 2025 - Fredag 15. august 2025

Fredag 7. november 2025

Fredag 2. januar 2026

Fredag 15. mai 2026

1.4 Vedteker knytt til opningstid

Barnehagane har ope måndag til fredag. Barnehagetilbodet vert organisert innanfor ei dagleg opningstid på maksimum 9,5 time. Barnehagane er stengt på offentlege helge- og høgtidsdagar, jul- og nyttårsafta samt på fem planleggingdagar (1.4). Onsdag før skjærtorsdag stenger vi klokka 12.00.

I feriar eller ved pandemi kan barnehagen ha kortare opningstid enn normalt.

[Vedtekter Høyanger kommune](#)



2. BARNEHAGELOVA

2.1 Styrande dokument

Barnehagen er ein del av utdanningsløpet, og rammene vert sett av kunnskapsdepartementet. Dei viktigaste styringsdokumenta er Lov om barnehagen (2021) og Rammeplan for barnehagen - innhald og oppgåver (2017). I tillegg er kommunale planar gjeldande.

[Lov om barnehager \(barnehageloven\) - Lovdata](#)

2.2 Psykososialt barnehagemiljø

Barnehagen skal aktivt førebygge krenkingar for å sikre at alle barn har eit godt fysisk- og psykososialt miljø som fremjar helse, trivsel, leiken og læringa til barna. Føresette er ein viktig samarbeidspart i arbeidet (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 7).

Barnehagemiljøet skal vurderast jamleg i personalgruppa, i samtalar med føresette og i ulike møter. Det er utarbeidd rutine for korleis krenkingar skal avdekkast, førebyggast og handterast dersom krenking er oppdaga.

Fokusområde ved mistanke om krenkingar :

- Kartlegge miljøet og snakke med barna
- Systematisk observasjon av barn og barnegruppe
- Ha vaksne som er til stade
- Refleksjon og diskusjon i personalgruppa
- Openheit om enkelt barn
- Barnesamtalar og foreldresamtalar

Ved tiltak skal barnehagen ha ein skriftleg plan som inneheld

- kva problem som skal løysast
- kva tiltak barnehagen har planlagt
- når tiltaka skal gjennomførast
- kven som skal gjennomføre tiltaka
- når tiltaka skal evaluerast

Alle tiltak som vert gjort for å oppfylle aktivitetsplikta skal dokumenterast. Det skal reagerast med ein gang krenking vert avdekkja og tiltak skal setjast i verk (Barnehagelova § 41, 42 og 43).

[Mobbeombodet i Vestland - Vestland fylkeskommune](#)
[Handlingsplan-psykososialt-barnehagemiljø](#)

2.3 Rutine for tilrettelegging

Kommunen skal sikre at barn med nedsett funksjonsevne får eit eigna individuelt tilrettelagt barnehagetilbod. Høyanger kommune har rutine for vedtak om tilrettelegging for barn med nedsett funksjonsevne etter Barnehagelova kap. VII. §37. Omgrepene skal tolkast vidt, og omfattar fysiske funksjonsnedsettingar, utviklingshemming, språk- og talevanskar, åtferdsvanskar og psykiske lidningar.



3. FORELDRE/FØRESETTE

3.1 Visma

I barnehagane i Høyanger kommune brukar vi Visma Min Barnehage-app til å ha kontakt med føresette. Dette er ei teneste der føresette enkelt kan kommunisere med barnehagen, samt enkelt fylje med på barnet sin kvardag i barnehagen. Appen må lastast ned frå App Store eller Google Play og ein må logge seg inn med ID-porten første gongen.

Med Min Barnehage-app kan du som føresett :

- Ta imot og sende meldingar med barnehagen
- Registrerer kva dagar barnet ikkje skal vere i barnehage
- Ta imot dagbok, i form av tekst og bildedeling, som fortel om barnet sine små og store opplevingar i barnehagen.
- Gje eller avsiå samtykker. NB! Hugs å sjekke dette kvart år.



Min Barnehage-appen gjer informasjon lett tilgjengeleg og dialogen mellom føresette og barnehagen blir endå enklare og meir effektiv. Appen blir stadig utvikla for fleire funksjonar.

3.2 Foreldreråd og samarbeidsutval

«Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen vareta barnas behov for omsorg og leik og fremje læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling, jf. barnehagelova § 1» (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 29).

Kvar barnehage skal ha eit foreldreråd og eit samarbeidsutval for å sikre samarbeidet med barna sin heim. Foreldrerådet er heimla i forskrift om barnehagens foreldreråd. Foreldrerådet består av foreldra/dei føresette til alle barna i barnehagen. Foreldrerådet skal fremje fellesinteressene til foreldra og bidra til at samarbeidet mellom barnehagen og foreldregruppa skaper eit godt barnehagemiljø. Foreldrerådet skal få inn saker som er viktige for foreldra sitt forhold til barnehagen. Foreldrerepresentantane i samarbeidsutvalet organiserer foreldrerådet. Det er alltid foreldreråd i samband med foreldremøte, men kan være oftare etter ynskje frå foreldre.

[FUB - Et nasjonalt utvalg for foreldre med barn i barnehage \(foreldreutvalgene.no\)](#)

«Samarbeidsutvalet skal få inn saker som er viktige for innhaldet i og verksemda til barnehagen og for forholdet til foreldre. Samarbeidsutvalet skal fastsetje årsplanen til barnehagen. Andre viktige saker er til dømes forslag til budsjett eller driftsendringar» (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 30).

Samarbeidsutvalet (SU) skal i følgje forskrift til barnehagelova vere eit rådgivande, kontaktskapande og samordnande organ. SU består av to representantar frå foreldra og to representantar frå personalgruppa. Styrar i barnehagen møter som saksbehandlar og sekretær. Eigar av barnehagen kan delta. Foreldrerådet og samarbeidsutvalet kan fritt halde møter utan at personalet eller styrar er til stades. Samarbeidsutvalet deltek på dialogmøte med barnehageeigar og eventuelle tilsyn frå barnehagemynde.

3.3 Forseint henting av barn i barnehagen

Barna skal være henta før stengetida for kvar eining.

Dersom barn blir for seint henta vil det etter andre gong bli gitt eit skriftleg varsel, og etter tredje gong bli sendt ut ekstra rekning på kr 400,-. Føresette bekrefta for seint henting med signering. Dersom barnet held fram med å bli henta for seint vil ein vurdere å sende rekning på ein høgare sum.



4. RAMMEPLAN

4.1 Lærande organisasjon

I fylgje rammeplanen skal barnehagen vere ein lærande organisasjon der heile personalet skal reflektere rundt faglege og etiske problemstillingar, oppdatere seg og vere tydelege rollemodellar. Dei skal sørge for gode relasjoner mellom barna i gruppene, mellom barna og personalet og mellom personalet og foreldra (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 15).



4.2 Barnehagen sitt verdigrunnlag skal byggje på

- barndommen sin eigen verdi
- ei heilskapleg tilnærming til barn si utvikling
- å ivareta barn sitt behov for omsorg og leik
- å fremje danning og læring som grunnlag for allsidig utvikling
- demokrati, mangfald og gjensidig respekt
- likestilling og likeverd
- berekraftig utvikling
- livsmeistring og helse.

Barnehagen skal bidra til at barna kan forstå felles verdiar og normer som er viktige for fellesskapet (Rammeplan 2017 s. 21).

Innhaltet i barnehagen skal vere allsidig og variert. Det skal vere tilpassa både enkeltbarn og barnegruppa. Barnehagane våre skal vere ein arena der barna får leike og utfalte sin skaparglede. Personalet skal legge til rette for at barna får dekka sitt behov for undring og sin utforskarkrøng. Vi vil at humor og glede skal prege kvardagen.

Arbeidet med omsorg, danning, leik, læring og sosial kompetanse skal sjåast i ein samanheng i barnehagane. Barn skal møtast med omsorg, og personalet skal handle omsorgsfullt ovanfor alle barn i barnehagen. Omsorg skal prege alle situasjonar i kvardagen og handlar både om relasjon mellom personalet og barna, og om barna sin omsorg for kvarandre.

Danning er ein kontinuerleg prosess med utgangspunkt i kvardagen, eit her-og-no perspektiv, i motsetning til utdanning, som ofte vert sett i eit framtidsperspektiv. Danning handlar ikkje om fine manerar, men om ein personleg prosess med å få eit aktivt og bevisst forhold til omgjevnadane. Prosessen er ein del av målet.

[Rammeplan for barnehagen \(udir.no\)](#)



Kjelde: Elisabeth Waage – pedagogisk dokumentasjon.



4.3 Dei 7 fagområda i rammeplan, korleis kjem desse til syne i barnehagane

Fagområde	Døme
Etikk, religion og filosofi	Møte barna si tru, undring og førestillingar med respekt. Arbeide for at høflegheit og vennlegheit vert sett på dagsorden. Være gode rollemodellar. Motverke alle former for krenking. Kjenne til, samt markere dei ulike kulturane som er representerte i barnehagruppa. Undring og filosofiske samtalar om det barna er opptekne av.
Kommunikasjon, språk og tekst	Å gje rom for gode samtalar og anerkjennande kommunikasjon. Å lese bøker, bruke biblioteket. Sjå på bilete, snakke om det vi gjer og ser, gjenfortelje og undre seg. Språk- og leikegrupper. Tekstskaping. Song, rim og reglar. Utvikle ordforrådet og språkforståinga. Støtte ulike kulturelle uttrykk og identitetar.
Kropp, rørsle, mat og helse	Legge til rette for balanse mellom aktivitet og kvile. Forstå og gje oppmuntrande stadfesting på barna sin sansemotoriske og kroppslege leik. Inspirerer alle barn til å søkje fysiske utfordringar ved å presenterer ulike aktivitet og gjennom turar i skog og mark. Utfordrande rørslemiljø og gode sanseopplevelingar ute og inne. Sunne måltid og matlaging som skaper måltidsglede. God balanse mellom inne og uteleik.
Kunst, kultur og kreativitet	Deltaking i ulike formingsaktivitetar som teikne, male, perle, veve, tove etc. Bruk av materiale frå naturen til bilete/skulpturar. Song samlingar. Lytte til/lage musikk. Dramatiserer og lage eigne forteljingar. Lage kunstutstilling som føresette kan besøke.
Natur, miljø og teknologi	Turar i nærmiljøet. Følgjer eit område gjennom årstidene. Være med å etablerer – plante – så og hauste. Sjå på og lære om fuglar, studerer insekt og andre småkryp. Lære om dyra vi ser i skogen. Lære å ta vare på naturen. Digital kompetanse – IKT.
Mengde, rom og form	Oppleve glede over å utforske og leike med tal, former og mønster. Arbeide med ulike typar storleikar og mål gjennom å sortere og samanlikne. Ha god tilgang på ulike typar spel, klossar, leikar og formingsmateriale. Få kjennskap til matematiske omgrep i kvardagen, for eksempel setja ord på måleeiningar ein brukar, telje kor mange. Barna må ha tilgang til ulike konstruksjonsleikar.
Nærmiljø og samfunn	Gå turar i nærmiljøet, bli kjent i tettstaden Nytte skogen, lage reiskap og matrettar av råvare vi finn ute. Turar til biblioteket. Jobbe med borna sin medverknad.



5. TVERRFAGLEGE SAMARBEIDSPARTNARAR

I Høyanger kommune er det eit tverrfagleg samarbeid mellom barnehagane, PPT, barnevern og helsestasjonen. Der tek vi opp saker som er aktuelle for barnehagen. Førebyggande plan for Høyanger kommune er pr. dags dato under utarbeiding.

Betre tverrfagleg innsats/BTI - BTI er ein samhandlingsmodell som rettar seg mot barn og familiar som ein er bekymra for. Gjennom samhandlingsmodellen vil ein sikre tidleg og samanhengande innsats, og å hindre oppfølgingsbrot. BTI skal bidra til at dei tenestene i kommunen som er involverte, skal kunne utvikle og styrke formelle strukturar, rutinar og arenaer for tverrfagleg samhandling. Barn og unge med utfordringar vil få tettare oppfølging gjennom betre koordinering ved hjelp av BTI modellen.

[Høyanger – BTI – Betre innsats for barn og unge i Høyanger kommune](#)

PPT - Den pedagogisk-psykologiske tenesta er mellom anna ei sakkunnig instans ved tilråding om spesialpedagogisk hjelp. Dersom barnehagen ønskjer hjelp og samarbeid om enkeltbarn i barnehagen, må føresette samtykkje. Føresette kan sjølv ta kontakt med PPT dersom de har ein uro knytt til barnet si utvikling.

[PPT - pedagogisk psykologisk teneste - Høyanger](#)

Barnevern - Barnevernstestenesta og barnehagen er to av fleire aktørar som bidreg til å skape trygge oppvekstvilkår for små barn. Barnehageplass er eit tiltak barnevernstestenesta brukar. Alle barnehagetilsette har etter barnehagelova § 46 opplysningsplikt overfor barnevernet utan å vere hindra av teieplikta. Barnehagen har rutinar på å innhente opplysingar om barnet sin helsetilstand, og å informere/melde saker til sosialtenesta og barnevernstestenesta.

[Samarbeid med andre instansar - Høyanger](#)

Helsestasjon - Helsestasjonen kan mellom anna vere ein samarbeidspart for å legge tilbodet til rette for barn med særlege behov. Helsestasjonen bidreg med råd og rettleiing når det gjeld mellom anna barnesjukdommar, smitte, helse og kosthald.

[Helsestasjon for barn 0 til 5 år - Høyanger](#)

Psykisk helseteam - Psykisk helseteam for barn og unge som barnehagane knytt til utgreiing og oppfølging som kan hjelpe barn og foreldre/føresette.

[Psykisk helseteam for born og unge - Høyanger](#)

6. MAT OG HELSE

6.1 Måltid og kosthald

Mat og drikke som barna får i barnehagen, utgjer ein stor del av deira totale kosthald. Vi følgjer retningslinjene til sosial- og helsedirektoratet for sunn mat i barnehagen. Vi legg til rette for at barna skal få presentert sunne og varierte måltid heilt frå dei startar hjå oss. Med det meiner vi matvarer som ikkje inneheld store mengder sukker eller fett.

Måltid og matlagning i barnehagen skal gi barna eit grunnlag for å utvikle matglede og sunne helsevanar (Rammeplan 2017 s. 11).

Vi ynskjer at barna tileignar seg gode vanar, haldningar og kunnskap om kosthald. Til dagleg tilbyr vi barna grovt brød, knekkebrød og pålegg som t.d. ulike kjøtt-, ost- og fiskepålegg. Til drikke tilbyr vi



mjølk og vatn. Vi serverer varmmat når det høver, og ved ulike markeringar/ fellesaktivitetar. Her vekslar vi mellom kjøtt- og fiskerettar. Det siste måltidet om dagen er fruktmåltidet kl. 14.00. Her får barna servert ulike typar frukt, og litt brød/knekkebrød dersom dei ynskjer det.

Vi meiner at det er viktig å legge til rette for ein positiv atmosfære rundt måltida, der barn og vaksne kan samtale og ha gode dialogar saman. Det skjer veldig mykje læring i desse situasjonane. Både språk- og omgrepstrening, og sosial trening. Vi ynskjer at måltidene skal være ei positiv oppleving som barna kan ta aktivt del i uansett alder.

Ved ulike prosjektarbeid og spesielle markeringar/festar har vi nokre gonger innslag av søte saker. Det kan f.eks. vere på nissefesten i desember, karneval, og på sommaravslutninga.

Dersom barna har nokon former for matallergi, eller av andre årsaker skal avstå frå nokre matvarer, er det viktig at personalet får beskjed om dette. Vi legg til rette i samarbeid med dei føresette.

[Bra mat i barnehagen – Råd, tips og oppskrifter - Helsedirektoratet](#)
[Oppskrifter – Matjungelen](#)

6.2 Hygiene, sjukdom, medisinering og skade

God hygiene er viktig for å reduserer smitte blant barn og vaksne i barnehagen. Barnehagane vil i samråd med føresette legge til rette for at barna vaskar hender når ein kjem i barnehagen samt gjennom dagen. Ved smitteutbrot som f.eks. omgangssjuka/pandemi, vert det satt inn ekstra hygienetiltak både frå barnehagepersonalet og frå reinhaldarane si side.

På lik linje med oss vaksne treng barn kvile etter sjukdom og feber. Som hovudregel er det allmenntilstanden til barnet som avgjer om barnet kan være i barnehagen eller ikkje. Vurdering av barnet sin allmenntilstand må i følge folkehelseinstituttet alltid basere seg på føresette sitt skjønn. Barnet bør være friskt nok til å kunne delta i normale aktivitetar i barnehagen, og barnet må vere feberfri. NB: Etter omgangssjuka skal barnet være heime i 48 timer.

I tider med mykje smitte i samfunnet rundt oss vil vi ha ein låg terskel for å sende barn heim dersom dei ikkje har god allmenntilstand. Tilsette i barnehagen ønsker få greie på om barnet er sjuk og må halde seg heime, slik at personalet kan ta førehandsreglar om det er noko som «går». Da får vi og vite kven som kjem i barnehagen.

Medisinering er foreldra/føresette sitt ansvar. Dersom medisin skal gjevast av personalet, har vi eigne retningslinjer og instruksar for dette som føresette og personale må skrive under.

[Når må barn være heime fra barnehagen? FHI](#)

Ved skade på barn skriv barnehagen skademelding. Dersom barnet må til lege eller tannlege vil føresette få eit eige skriv som ein underteiknar og leverer tilbake til barnehagen.

6.3 Forskrift om helse og miljø i barnehagar, skular og skulefritidsordningar

Alle barnehagar i Høyanger kommune er godkjent etter tilsyn miljøretta helsevern i 2024.

[Forskrift om helse og miljø i barnehage](#)



7. DIGITAL KOMPETANSE

7.1 IKT plan barnehage 2023-2027 kommunal plan

«Den digitale praksisen til barnehagen skal bidra til leik, kreativitet og læring. Bruk av digitale verktøy i det pedagogiske arbeidet skal støtte opp om barna sine læreprosessar og bidra til å oppfylle rammeplanen sine føringar for eit rikt og allsidig læringsmiljø for alle barn. I samband med bruk av digitale verktøy skal personalet vere aktive saman med barna. Samtidig skal digitale verktøy brukast med omhug og ikkje dominere som arbeidsmåte. Barnehagen skal utøve digital dømmekraft og bidra til at barna utviklar ei gryande etisk forståing knytt til digitale medium» (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 44).

Barnehagane har lisens til nettstaden Polyline og Salaby.

8. TRAFIKKSIKKER BARNEHAGE

Å være ein trafiksikker barnehage inneber ikkje ein garanti for at ulykker ikkje skjer, men det er eit kvalitetsstempel på godt og heilskapleg arbeid med trafikktryggleik. Trafikksikringsplanen er utarbeidd frå kriteria som Trygg Trafikk meiner ein barnehage bør oppfylle for å bli godkjent som ein trafiksikker barnehage.



8.1 Kriteria for ein trafiksikker barnehage er:

- Barnehagen sin trafikkopplæring skal integrerast som ein del av omsorgs- og opplæringsarbeid og vera med i barnehagen sin årsplan.
- Barnehagen stiller krav til busselskap og drosjer om belte og trafiksikker åtferd ved kjøp av transportjenester.
- Barnehagen sine tilsette kjenner rutinar for handtering av faresituasjonar og hendingar som kan skje på turar.
- Barnehagen har utarbeidd rutinar for å ivareta tryggleiken på turar til fots, med bil eller kollektivtransport.

8.2 Trafikkopplæring i barnehagen

Barna lærer trafikkreglar for fotgengrarar. Barna lærer om bruk av sansane sine i trafikken. Barna lærer om bruk av bilbelte, sykkelhjelm og refleks.

Samarbeid mellom barnehage og heim:

Barnehagen har rutinar for å ivareta barnas tryggleik ved barnehagens parkeringsplass og port. Desse blir gjennomgått årleg med foreldre og tilsette. Barnehagen påverkar foreldre til å sikre barna på veg til og frå barnehagen. Trafikktryggleik og trafikkopplæring er eit årleg tema på foreldremøte.

8.3 Parkering

- Både tilsette og foreldre skal rygge på plass, samt parkere innerst på parkeringsplassen.
- Ingen bilar skal stå på tomgang på parkeringsplassen (Trafikkloven §16).
- Nøkkelen skal ut av køyretøyet om det er barn i bilen.
- Ikkje parkerer framfor porten, bruk oppmerka felt på parkeringsplassen.

8.4 Levering/henting

- Porten skal alltid være stengd, sjølv om det ikkje er barn ute.
- Vi brukar porten når vi skal inn/ut av barnehagen. Ingen skal hoppe over gjerdet.



- Porten skal opnast av vaksne, ikkje av barna. Dette er for barna sin tryggleik.
- «Gjennom arbeid med nærmiljø og samfunn skal barnehagen bidra til at barna utforskar ulike landskap, blir kjende med institusjonar og stader i nærmiljøet og lærer å orientere seg og ferdast trygt» (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 56).

9. MILJØFYRTÅRN

Lavik, Olderdalen, Hjetland og Kyrkjebø barnehage er sertifisert som miljøfyrtårn. I programmet til miljøfyrtårnet blir det fokusert både på arbeidsmiljø og det ytre miljøet (avfall, transport, energi, osv.).




Målet med miljøarbeidet er at barna skal få kunnskap om, erfaringar med, og forståing rundt:

Naturen sitt kretslaup og mangfald, kjeldesortering, gjenbruk, forbruk og energi, såing og hausting.

Miljøarbeidet skal leggast til rette i eit pedagogisk opplegg etter barna sin alder og modning. Vi ynskjer at barnehagen og heimen skal jobbe saman for å bli gode miljøarbeidarar. Vi jobbar for å minke bruken av plast, bli betre på å gå og sykle til barnehagen og auke bruken av økologisk mat i barnehagen.

10. FN SINE BÆREKRAFTSMÅL



10.1 Barnehagane i Høyanger sitt viktigaste bærekraftsmål

